

## VEDTEKTER FOR DNT SOGN OG FJORDANE

Reviderte vedtekter vedtekne på årsmøte 23. januar 2010 (omfattande revidering vedtekten)

Reviderte vedtekter vedtekne på årsmøte 29. januar 2011

Reviderte vedtekter vedtekne på årsmøte 6. mars 2021

Reviderte vedtekter vedtekne på årsmøte 28.januar 2023

### § 1. FØREMÅL

Laget sitt føremål er å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og å arbeide for sikring av friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Namnet på laget er DNT Sogn og Fjordane. DNT Sogn og Fjordane er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT). DNT Sogn og Fjordane er DNT sitt talerøyr overfor styremakter, nemnder og utval på fylkesnivå.

### § 2. MEDLEMMER OG RETTANE DEIRA

Ein blir medlem i DNT ved å melde seg inn i eit lokallag eller ved å verte direkte medlem i DNT Sogn og Fjordane. Berre einskildpersonar kan verte medlemmer. Medlemmer er alle som har betalt kontingent og dei som styret har innbede som medlemmer. Medlemskapen gjeld inntil utmelding eller at medlemanın vert stroken som følgje av manglende kontingentinnbetaling. Alle enkeltmedlemmer i DNT Sogn og Fjordane har forslag- og stemmerett og kan veljast til tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år. Medlemmer har rett til å nytte DNT sine hytter til medlemspris. Medlemmer har elles høve til å delta på kurs og andre arrangement som DNT Sogn og Fjordane skipar til og elles gjere seg nytte av andre tilbod frå laget til medlemspris. Som utsendingar frå sitt lokallag har medlemmer rett til å delta på DNT Sogn og Fjordane sitt fellesmøte og årsmøte frå det året dei fyller 15 år.

### § 3. LOKALLAG

DNT Sogn og Fjordane skal leie og koordinere samarbeidet mellom dei lokale turlaga i Sogn og Fjordane. Nye lokale turlag kan bli tekne opp som medlem etter vedtak på ordinært årsmøte.

### § 4. STYRE, UTVÅL OG VALNEMD

DNT Sogn og Fjordane har eit styre på 5 medlemmer: leiar, nestleiar, skrivar og to styremedlem. Det er 3 varamedlemmer til styret. Årsmøtet kan opprette utval. Valnemnda har 3 medlemmer og kvar medlem vert vald for 3 år. Den som har site lengst i valnemnda er leiar.

### § 5. ADMINISTRASJON

Organisasjonssekretær har ansvar for den daglege drifta av laget. Organisasjonssekretær vert tilsett av styret og rapporterer til styret.

## § 6. FELLESMØTET

I forkant av årsmøtet arrangerer DNT Sogn og Fjordane fellesmøte for representantar for lokallaga, styret og utvala. Fellesmøtet synleggjer aktiviteten i lokallaga, fører strategidrøftingar, drøftar aktuelle saker og kan elles uttale seg i saker som er viktige for drifta av DNT Sogn og Fjordane. Lokallaga dekkjer sjølv dei utgiftene dei har med fellesmøtet.

## § 7. ÅRSMØTE

DNT Sogn og Fjordane skal halde årsmøte innan utgangen av mars. Innkalling blir sendt lokallaga seinast 1 månad før årsmøtet. Sakspapira blir sende lokallaga seinast 14 dagar før årsmøtet. Saker som skal handsamast på årsmøtet må sendast til styret innan 2 månader før årsmøtedatoen. 2 representantar frå kvart lokallag kan møte på DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte. I tillegg kan tillitsvalde i DNT Sogn og Fjordane møte. Lokallaga dekkjer sjølv sine kostnader. På årsmøtet har styremedlemmene i DNT Sogn og Fjordane stemmerett med unnatak av årsmelding og rekneskap. Dei 2 representantane frå kvart lokallag, 1 frå direkte tilknytt Barnas Turlag, har stemmerett i alle saker. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst. Årsmøte skal handsame: - Godkjenning av innkalling - Godkjenning av sakliste - Val av møtedirigent - Val av 2 skrivarar - Val av 2 repr. til underskriving av protokollen - Godkjenning av årsmelding - Godkjenning av rekneskap - Handlingsplan for neste år - Budsjett for neste år - Handsame andre saker nemnde i innkallinga Val av styre: - leiar 1 år - styremedlemer 2 år (slik at 2 og 2 er på val kvart år) - 3 varamedlemmer for 1 år i prioritert rekkjefølgje Styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet. Val av utval: - leiar 1 år - 2 medlemer 2 år - 1 varamedlem for 1 år - Val av ein revisor for 1 år - Val av ny medlem i valnemnda for 3 år - Val av utsendingar til DNT sitt Landsmøte. Tal utsendingar vert bestemt ut frå medlemstal i DNT Sogn og Fjordane.

## § 8. VEDTEKTSENDRINGAR

Endring i vedtekten må vedtakast med minst 2/3 fleirtal av dei som møter på årsmøtet. Styret og lokallaga kan komme med framlegg til endringar av vedtekten. Framlegg om endringar skal sendast styret innan 2 månader før årsmøtedatoen.

## § 9. OPPLØYSING

Opplysing av laget må avgjerast på 2 årsmøte. Første gongs handsaming må skje på ordinært årsmøte, og minst 3/4 av dei avgjevne stemmene må stemme for opplysing. For at vedtaket skal vere gyldig, må det handsamast for andre gong på ekstraordinært årsmøte innan ein månad seinare. Då må også minst 3/4 av dei avgjevne stemmene stemme for opplysing